



Aunaset. Foto: Anne Lorentzen

## AUNASET ca 700 moh

**Fjellstøl til brukarane på Spildo**, ligg på om lag 700 meter over havet. På Aunaset står det i dag fire fint omvølte støls- hus og ei hytte. Hans Øydvin har samla fleire småhus i et tun attmed selet sitt.

**Kva namnet Aunaset tyder er uvisst.** Kanskje har det saman- heng med «å una» å lika seg. Det var træe som vart hausta på Aunaset. Det var store og gode beiteområde innover i Skipa- dalen og i Bestebeita. Budeiene hadde sut for at kyrne tok rett veg til beites. Dei hadde kvar sitt beiteområde, og var nøgde med at dei ikkje drog på avkantar.

**Den vanlege stølsdrifta var stort sett slutta kring 1950.** David S. Spildo laut flytta selet sitt til ny tuft i trettiåra på grunn av at det var rasfåre. Det er også ei anna gamal tuft på Aunaset som ein ikkje kjenner soga til. I Vetledalen, inn mot Skipadalen, er det ei lita hustuft. Øvst i Hengsdalen er der også vister etter selstuffer. Her var det framande som slo seg ned og støla, men vart jaga derifrå.



Foto: Åsta Syslak

Henrik Kvalem har i «Bygdebok for Granvin III» skrive at det i Granvin, som i andre Hardangerbygder vart skipa til stølshelg olsokhelga, der ungdom og eldre flakføre sam-

last til festleg samvære. Ei slik samkome var det også på Aunaset i midten av 1890-åra. To ungdomar frå grenda var heime frå lærarskulen i Seljord. Den eine var habil felespelar og det vart visesong og dans. Det vart ei Olsok- helg som feste seg godt i minnet. Båe lærarspirene vart seinare klokkarar, fortel Henrik. Dei to ungdomane var utan tvil Henrik Meyer Kvalem (1872-1960) og Hans H. Spilde (1873-1961).

**GOD TUR!** Granvin turlag

*Kjelder:* «Stølane i Granvin» av Torbjørn Seim



Foto: Anne Lorentzen